

PRONOMEN

1

Sett inn passande pronomener.

- | | |
|-----------------------------|--------------------------------------|
| Luisa er ny i klassa. | <u>Ho</u> er frå Cuba. |
| Vil du ha kaffi eller te? | <u>Eg</u> vil gjerne ha kaffi, takk! |
| Kjenner du Leo? | Ja, <u>han</u> er bror til Luisa. |
| Bur Arne og Carmen i byen? | Nei, <u>dei</u> bur på bygda. |
| "Hei, Luisa og Leo! | Skal <u>de</u> vere med på kino?" |
| Kvar kjem Leo og Luisa frå? | <u>Dei</u> kjem frå Cuba |
| Vil de vere med på tur? | Ja, det vil <u>vi</u> gjerne. |
| Leo et eit eple. | <u>Det</u> smaker godt. |
| Skulen er stor. | <u>Han</u> har fem hundre elevar. |
| Huset er stort. | <u>Det</u> har fem soverom. |
| Leo og Luisa har ein katt. | <u>Han</u> heiter Prikken. |
| Eg har kjøpt ei ordbok. | <u>Ho</u> ligg i ranselen. |
| Leo må skrive ei tekst. | <u>Ho</u> må vere på minst to sider. |

2

Sett inn rett pronomener for orda til venstre.

- | | |
|--------------|--|
| Leo og Luisa | <u>Dei</u> kjem frå Cuba. |
| Du og eg | <u>Vi</u> snakkar saman. |
| Per | <u>Han</u> har ein hund. |
| Hunden | <u>Han</u> heiter Tassen. |
| Du og Carmen | <u>De</u> må kome på besøk i kveld. |
| Bøkene | <u>Dei</u> ligg i sekken. |
| Leo og eg | <u>Vi</u> såg eit dyr på veg til skulen. |
| Dyret | <u>Det</u> sprang fort. |
| Carmen | <u>Ho</u> snakkar spansk, fransk og engelsk. |
| Luisa og vi | <u>Vi</u> skal gå på tur i sentrum. |
| De og eg | Skal <u>vi</u> gå på kino i kveld? |
| Leo og de | Lærer <u>de</u> nynorsk eller bokmål? |

3**Sett inn rett pronomener i svara.**

Kven kan hjelpe meg?

Eg kan hjelpe deg.

Kven kan hjelpe Per og Kari?

Læraren kan hjelpe dei.

Har du sett boka mi?

Eg ser ho på pulten.

Kven blir med Leo på kino?

Luisa blir med han på kino.

Kan du gi bøkene til elevane?

Ja, eg kan gi bøkene til dei.

Kven vil bli med oss på tur?

Eg vil gjerne bli med dykk.

Kvar er hunden?

Eg ser han der borte.

Liker Arne Carmen?

Ja, han liker henne.

Kven er glad i deg?

Kari er glad i meg.

Når kjem Carmen og hentar dykk?

Ho kjem og hentar oss klokka 17.00.

I kva farge måla dei huset?

Dei måla det grønt.

Har Luisa ringt til læraren?

Ho ringde til han i stad.

Er alle presangane til Luisa?

Ja, alle er til henne.

Vil du og Kari ete middag hjå oss?

Ja, vi vil gjerne ete hjå dykk.

4**Sett inn den rette forma av det personlege pronomenet.**

Kjenner du Luisa?

Ja, eg kjenner henne.

Ja, ho er veninna mi.

Kan eg og Leo kome på besøk?

Ja, de kan kome neste veke.

Ja, eg ønskjer dykk begge velkomne.

Skal du og eg besøkje Leo og Luisa?

Ja, dei vil gjerne treffe oss snart.

Ja, vi skal besøkje dei neste veke.

Har du snakka med Carmen?

Nei, men ho ville snakke med meg i morgen.

Nei, men eg skal snakke med henne i kveld.

Vil du at eg skal kome i kveld?

Nei, eg vil heller snakke med deg

på telefonen.

Nei, du kan ringje meg i kveld.

5

Set inn dei rette refleksive formene av dei personlege pronomena i svara.

Har du vaska deg? Det er viktig å stelle seg før ein legg seg for å sove om kvelden.

Ho tenkte seg godt om før ho svarte: "Eg elskar deg, men eg vil ikkje gifte meg med deg".

Dei gledde seg til eit godt måltid, og dei sette seg ned for å ete. Men så måtte dei flytte seg til eit nytt bord.

Eg kledde på meg før eg hjelpte sonen min med kleda. Sonen min greier ikkje å kle på seg sjølv. Han er berre eitt år.

Hei, barn! De må hugse å vaske dykk før de går på skulen.

6

Set inn rette former av dei personlege pronomena i svara.

Irina og Yuri skundar seg til skulen. Dei la seg seint i går kveld, og i dag fekk dei for lite tid til å vaske og stelle seg. Dei har to barn. Først måtte dei vaske dei før dei kunne vaske seg sjølve. Eg og Pablo helser på dei før vi også skundar oss inn i klassa.

Læraren helser på oss alle før han set seg bak kateteret. "No kan de begynne å arbeide", seier læraren, og vi set oss ned og begynner å arbeide. Irina og Yuri synest oppgåvene er vanskelege. Før dei går heim, takkar dei for seg.

7

Skriv om setningane med gjensidige pronomener.

Arne er glad i Carmen, og Carmen er glad i Arne.

Arne og Carmen er glade i kvarandre (einannan).

Faren snakkar med sonen, og sonen snakkar med faren.

Faren og sonen snakkar med kvarandre (einannan).

Eg ser på deg, og du ser på meg.

Vi ser på kvarandre (einannan).

Leo snakkar ofte med kameratane sine.

Leo og kameratane snakkar ofte med
kvarandre (einannan).

Arne hjelper Carmen, og Carmen hjelper Arne.

Arne og Carmen hjelper kvarandre (einannan).

Luisa lærer norsk av Leo, og Leo lærer norsk av Luisa.

Luisa og Leo lærer norsk av kvarandre (einannan).